

1-2 siger til J02/03 Rosendal/Uskedal

29.04.2018



R/U i oppvarming før kamp. F.v.: Ingeborg, Ida Marie, Lene, Guro, Amalie, Emma, Lisa Jonetta, Hanna, Marte (c) og Silje.

**Laurdag var J02/03 laget til Rosendal/Uskedal (R/U) til Norhordland for nok ein bortekamp. Motstandar var Hordabø/Radøy/Manger (HRM). Jentene gjer ein svært god 2. omgang og drar sigeren i land med sluttresultat 1-2.**

Laget måtte reise tidleg på grun av kampstart kl. 13. Dette prega dessverre spelet til R/U i første omgang. Jentene var ikke heilt på og var seint inne i det meste for føregjekk på banen. R/U kjempar på, men i 33 min. kom spissen til HRM gjennom forsvaret til R/U og sette ballen nede til høgre for keeperen til R/U til stillinga 1-0 til heimelaget.

Etter ein god pauseprat startar 2. omgang mykje betre for R/U og jentene går rett i «strupen» på HRM og skapar den eine sjansen etter den andre. HRM er bare over på R/U sin banehalvdel 4-5 gonger i 2. omgang, men HRM lukkast med nokre gode sjansar der keeper til R/U May Beate meisterleg hindrar ballen å gå i mål.

Etter om lag 63 min. blir Emma Øen spelt fint gjennom av Silje Soldal og setter ballen i mål. Alle trur det er blåst offside, inkludert trenar Gundersen, men dommaren har sett ein spelar som oppheve offsnsiden og skåringa blir godkjent til stillinga 1-1.

Bare nokre få minuttar seinare får R/U frispark på høgre side, Lene Furdal går over frå sin venstre back slår perfekt inn i feltet der Silje Soldal tar i mot og skyt ballen via keeper og i mål, dermed er stillinga 1-2 til R/U.

Jentene jobbar meisterleg dei siste 10-15 minuttane og klarar å halda «nullen» i 2. omgang. Dette var ein vanskeleg bortesiger mot eit godt HRM lag. HRM leiar framleis serien med same poengsum som R/U men dei har ein kamp meir spelt.

Også i denne kampen fekk J02/03 R/U hjelp frå 04 jentene til Rosendal. Utan denne hjelpa hadde ikkje R/U klart å stille lag slik det er gjort desse to første kampane. Ei av 04 jentene er også «toppscorar» for R/U, det er Emma Øen Klette som har scora to mål på to kampar. Silje Soldal står også notert med 2 scoringar på dei to første kampane denne sesongen.

Laget: May Beate Brakstad – Lene Furdal – Marte Møyum – Amalie Hovden Rød – Lisa Jonette Ølvestveit – Ingeborg Solberg Flatebø – Guro Klette Leganger – Ida Marie Kildal Eidsvik – Hanna Tvilde – Emma Øen Klette og Silje Soldal.

Reserver: Camilla Myklebust Ripel – Vilde Hjelmeland og Eli Omvik

Tekst: Tor Gundersen / Hans Ordin Østebø

Foto: Tor Gundersen

Nett: Hans Ordin Østebø